

**Flagga til topps for kyrkja!**

27.09.2014

**I morgon, søndag 28. september 2014, feirar vi vigslingsdagen for Uskedal kyrkje. Dette er ein høgtidsdag. Alle har vi eit forhold til kyrkja, på eitt eller anna vis.**



Når vi ser korleis mange slit rundt om i Noreg for å få behalda kyrkja si, at dei ikkje klarar å vedlikehalda denne, så kjenner eg stor takksemnd for at vi her i Uskedalen har dette flotte bygget til å kunne samlast i. Kyrkja er nymåla både ute og inne og framstår no i all sin prakt!

Eg tenkjer også på dei mange som på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet streva for at vi skulle få eiga kyrkje i bygda. Sjå til dømes Thor Myklebust sitt hefte som vart utgjeve i samband med 50-årsjubileet.

Dei var jammen uthaldande i alle dei byråkratiske runddansane. Dei gjorde ein stor jobb for oss som kom etter og som har vår eiga kyrkje den dag i dag.

Det hadde vore veldig kjekt om flagga kunne vaie i bygda imorgon, til ære for våre forgjengarar og til ære for kyrkja!

Og velkommen alle saman til Jubileumsgudsteneste klokka 11!

Vennleg helsing  
for Uskedal sokneråd  
Møyfrid Kristoffersen